Arbeidsløysa nesten halvert på eitt år

Ved utgangen av juli var 12 personar registrerte som heilt arbeidsledige i Samnanger. Det er ein nedgang på ti frå same månad i fjor, viser tal frå Nav. Arbeidsløysa i kommunen er no 1,0 prosent, medan snittet for Vestland fylke er 1,6 prosent. Det var registrert fem utlyste stillingar i Samnanger i juli. Av desse var éin innan undervisning og to innan helse, pleie og omsorg.

Møte om kraftrasjonering

Statsforvaltaren i Vestland har varsla kommunane om at dei vert kalla inn til digitalt møte 15. september. Temaet er straumrasjonering. I det siste har stadig fleire åtvara om at rasjonering kan verta aktuelt i løpet av hausten og vinteren, dersom nivået i vassmagasina vert for lågt og Noreg ikkje får importert nok elektrisitet frå utlandet. Regjeringa har oppfordra kraftselskapa til å spara på vatnet i sommar for å stå betre rusta til den kalde årstida. I møtet i september, som også Samnanger er invitert til, skal ein mellom anna drøfta korleis dei ulike aktørane bør og må samarbeida i ein eventuell rasjoneringssituasjon, går det fram av eit brev som statsforvaltaren har sendt ut.

Seier nei til Fretex

Fretex har søkt Samnanger kommune om nye stader å samla inn brukte klede. Kommunalsjef for samfunnsutvikling, Hilde-Lill Våge, viser i svaret sitt til at selskapet har containerar i Nesodden (biletet) og ved branngarasjen på Tysse. Stadane er valde ut frå trafikktryggleik og busetnad.

I Nesodden konkurrerer Fretex med fleire andre organisasjonar som samlar inn sko og klede. Her er det mellom anna containerar frå Barnekreftforeininga, Norsk Luftambulanse og U-landshjelp frå folk til folk (UFF).

I svaret til Fretex slår kommunen fast at det ikkje vert gjeve løyve til andre plasseringar enn dei organisasjonen har i dag.

-Her er det svært stygt å kryssa vegen

– Det er ikkje kjekt å la småborn gå over fylkesvegen på Lauskar åleine når dei kjem frå skulen. Mange bilar held altfor høg fart og kan ha problem med å stoppa for fotgjengarar, seier Torbjørn Storås og Pål Oldervoll.

HALLVARD TYSSE
Tekst og foto

KREV LÅGARE FARTSGRENSE: 50-sone og gangfelt ville gjort det tryggare å kryssa fylkesveg 49 på Lauskar, meiner denne gjengen. Bak frå venstre: Torbjørn Storås, Solveig, Pål og Hanne Oldervoll. Framme frå venstre: Mia Gjerde Urås (12), Erika Taule Storås (12) og Marta Oldervoll (8).

Dei to fedrene er misnøgde med trafikkløysinga der Bjelkarvikvegen møter fylkesveg 49.

– Svært mange bilistar respekterer ikkje 60-sona på hovudvegen. Dei veit at det skiftar til 80 rett bortanfor krysset her. Då er det lett å auka farten for tidleg, meiner Pål Oldervoll.

Kvir seg

Det bur skuleborn på begge sider av fylkesvegen. Dei må kryssa den sterkt trafikkerte ferdselsåra enten når dei skal til skulen eller når dei kjem heimatt.

– Dottera mi, Marta (8), skal begynna i tredje klasse no i haust. Hittil har ho hatt eldre søsken til å følgja seg over vegen, men no må ho klara seg på eiga hand. Det kvir ho seg til, fortel Pål Oldervoll.

– Ein åtteåring er ikkje like flink til å vurdera trafikkbiletet som oss vaksne. Men me har ikkje noko anna løysing.

Born og eldre

Eitt av ankepunkta til dei som bur i området er at siktlinja mot Bjørkheim er for kort.

– Me ser kanskje femti meter i den retninga. Det er lite når små og store køyretøy kjem dundrande forbi i høg fart. Og aller verst er det i den mørke årstida. Spesielt for born og eldre er trafikkbiletet utfordrande, meiner Torbjørn Storås.

– Enkelte eldre er ikkje så mobile lenger. Dei treng tid for å koma seg over. Då oppstår det lett farlege situasjonar, for trafikken kan endra seg i løpet av sekund, legg Pål Oldervoll til.

Dei peikar også på den enorme trafikkauken samningane opplever når E16 mellom Bergen og Voss er stengt.

– Då er det verkeleg ille her.

INGA MERKING: For bilistane på Fv49 er det ikkje lett å oppfatta at denne gangvegen endar i eit kryssingspunkt for fotgjengarar.

Lågare fartsgrense

For nokre år sidan prøvde vegvesenet å betra tilhøva ved å laga ein såkalla «tilrettelagt kryssingsstad» på Lauskar – utan gangfelt. Det vart då bygd ein kort gangveg frå Haukanesvegen og ned til fylkesveg 49. I tillegg vart det laga litt ekstra fortau på begge sider og sett opp lyspunkt.

– Me trur at dette ville fungert mykje betre med eit gangfelt som er skilta. No er det svært få som får med seg at dei kjem til eit kryssingspunkt. I tillegg bør fartsgrensa setjast ned til 50 km/t. Det er ingen logikk i at det skal vera 50-grense på Bjørkheim, og så nokre hundre meter med 60-sone før det vert 80 km/t, meiner Torbjørn Storås og Pål Oldervoll.

Nullvisjonen

– Eigentleg burde det vore 50-sone til etter barneskulen. Å setja ned fartsgrensa er vel det enklaste tiltaket som kan gjennomførast, og det støttar opp om nullvisjonen til vegvesenet. Ei slik løysing vil også gjera det enklare å koma seg ut på fylkesvegen med bil.

– Ja, for det kan ta tid å venta på ei ledig luke, særleg fredagar og andre store utfartsdagar, påpeikar dei to.

E16 skal vera nattestengt i tre år

Måndag starta arbeidet med å oppgradera fem tunellar mellom Stanghelle og Voss. Arbeidet er planlagt å ta tre år, og vil pågå måndag – fredag mellom klokka 20.00 og 05.30, melder Bergens Tidende. I periodar kan det også verta arbeid i helgene.

Vegvesenet planlegg kontinuerleg kolonnekøyring i tidsrommet 20.00 – 22.00. Resten av natta vert tunellane stengde, bortsett frå at det skal sleppast gjennom trafikk klokka 01.00.

Statens vegvesen rår frå at vegen gjennom Bergsdalen og over Hamlagrø vert nytta som omkøyringsveg, då det lett kan oppstå trafikkaos. For dei som ønskjer å køyra ei alternativ rute er Fv 49 gjennom Samnanger og Hardanger alternativet.

Inga endring i Hisdalen

Innbyggjarar i Hisdalen har fleire gonger kravd tiltak for å tryggja skulevegen til borna. Men det er framleis 80-sone på strekninga, og ingenting er gjort.

Kommunen mottok ei rekkje innspel, krav og forslag då trafikksikringsplanen for Samnanger 2017 – 2027 vart behandla. Mellom dei som meinte at dei var nedprioriterte i forslaget som hadde vore ute på høyring, var foreldre i Hisdalen. Dei viste til at borna måtte kryssa den sterkt trafikkerte 80-sona på Hisdalsflaten når dei skulle til og frå skulebussen, og meinte at ein undergang ville løysa problemet utan å påverka trafikken.

Men i Hisdalen er problemet framleis det same. No har ein av innbyggjarane sendt brev til kommunen med følgjande forslag til endringar:

- Redusera fartsgrensa.
- Setja opp lysregulerte overgangar utsette stader.
- Etablera fotgjengarovergangar ved alle busstopp.

Kommunen arbeider no med å oppgradera trafikksikringsplanen, som skal gjelda for perioden 2022 – 2025. Fristen for å koma med innspel er 14. august.

Trur trafikken vil auka allereie i haust

– Det er på høg tid at det vert gjennomført trafikksikringstiltak på fylkesvegane i Samnanger, meiner ordførar Knut Harald Frøland. Han ventar auka biltrafikk gjennom kommunen når nyevegen mellom Bergen og Os opnar i oktober.

HALLVARD TYSSE

– Eg trur at fleire vil køyra via Rolvsvåg når strekninga Svegatjørn - Rådal vert teken i bruk. Særleg for dei som skal til eller frå Lagunen og Flesland vil dette kunna vera eit aktuelt alternativ samanlikna med å køyra i kø om Midttun, seier ordføraren.

Merkbar auke

Ein trafikkauke her vil sjølvsagt verta merkbar for dei som bur på vestsida av Trengereidfjorden og Samnangerfjorden, men også i Hisdalen, på Ådland og andre stader langs hovudvegen gjennom Samnanger vil ein kunna oppleva meir trafikk.

– FLEIRE VIL KØYRA HER: Ordføraren trur at trafikken på fylkesvegen gjennom Rolvsvåg vil ta seg opp når nyevegen mellom Bergen og Os opnar i haust.

– Eg reknar med at både hytteturistar og andre kjem til å bruka fylkesveg 137 (Os – Hisdalen) som tilkomstveg når dei skal til Kvamskogen og Hardanger, seier Knut Harald Frøland.

Han har etterlyst ein analyse som kan visa kva samningane har i vente, men har ikkje fått svar frå fylket.

Omkøyringsveg

Konsekvensane av Svegatjørn - Rådal er berre litt av det samningane må førebu seg på, meiner ordføraren.

– Eg trur at det vil skje mykje dei komande ti åra som kan påverka trafikken gjennom kommunen vår. Ny tunell under Kvamskogen, som erstatning for vegen gjennom det rasutsette Tokagjelet, er eitt slikt prosjekt. I tillegg vert det arbeidd med å få ein arm til Bergen frå E134. Det er ikkje usannsynleg at det vil påverka oss, påpeikar han.

– Me må også rekna med at Fv 49 gjennom Samnanger vert omkøyringsveg dei gongene E16 må stengjast i samband med anleggsarbeidet på den nye vegen til Voss. Og kva med Hordfast? Vil dette sambandet overleva slik det er planlagt, eller vert det flytta til ein indre trasé, spør Knut Harald Frøland.

Må påverka

Han trur at alle desse prosjekta kan vera med og avgjera kor stor trafikk som kjem til å gå gjennom kommunen.

– At me vil få vekst i biltrafikken, er eg sikker på. Difor er det viktig at folk engasjerer seg. Skal me få fylket til å gjennomføra trafikksikringstiltak, må samningane stå på krava, seier ordføraren.

Han viser til det pågåande arbeidet med trafikksikringsplanen. Der vil aktuelle forslag verta prioriterte.

– Men det hjelper ikkje å få tiltaka inn i ein plan og så ikkje gjera noko meir. Dei politiske partia i kommunestyret må bruka påverknadskrafta si overfor fylkespolitikarane. Elles er eg redd det vil skje lite.

Stort behov

– Kva er dei mest trafikkfarlege punkta langs fylkesveg 49?

– Både Hisdalen, Ådland, Lauskar og Eikedalen er stader der det trengst tiltak. Også avkøyrsla til Lønnebakken er stygg. Krysset på Bjørkheim bør det også gjerast noko med, så me har stort behov for tiltak, seier ordføraren.

Han konstaterer at Samnanger ikkje kan overprøva fylket sine prioriteringar.

– Men me kan pressa på så mykje som mogeleg for at samningane skal verta høyrde, meiner Knut Harald Frøland.